

Kompetanseattest for Vox

Årsmelding 2004



INNHOLD

1. PERSONLEGE OPPLYSNINGAR

2. VIKTIGASTE ARBEIDSOMRÅDE

- 2.1. Dokumentasjon av realkompetanse
- 2.2. Grunnleggjande dugleikar i matematikk, lesing, skriving og IKT
- 2.3. Språkopplæring og integrering av minoritetar
- 2.4. Vaksnes rett til grunnskule og vidaregående opplæring
- 2.5. Fleksible læringsarenaer, IKT og digital kompetanse
- 2.6. Kompetanseutviklingsprogrammet
- 2.7. Delta i internasjonalt arbeid relatert til dei viktigaste arbeidsområda

3. ORGANISERING AV ARBEIDET

4. VIKTIG KOMPETANSE I ARBEIDET

- 4.1. Nøkkelkompetanse
- 4.2. Språkkompetanse
- 4.3. Personale

5. SPESIFISERING AV PERSONLEG OG SOSIAL KOMPETANSE

6. DEI VIKTIGASTE ARBEIDSOPPGÅVENE I 2004

- 6.1. Analyse innanfor vaksenopplæringsfeltet
- 6.2. Dokumentasjon av realkompetanse
- 6.3. Grunnleggjande dugleikar i matematikk, lesing, skriving og ikt
- 6.4. Språkopplæring og integrering av minoritetar
- 6.5. Vaksnes rett til grunnskule og vidaregående opplæring
- 6.6. Fleksible læringsarenaer, ikt og digital kompetanse
- 6.7. Kompetanseutviklingsprogrammet
- 6.8. Delta i internasjonalt arbeid relatert til dei viktigaste arbeidsområda
- 6.9. Informasjon, spreiing og debatt

7. Leiing

8. Annan kompetanse

9. Årsrekneskap 2004

I. PERSONLEGE OPPLYSNINGAR

Namn: Vox, senter for læring i arbeidslivet
Stilling: Offentleg etat
Arbeidsgivar: Utdannings- og forskningsdepartementet

Fødd: 1.1.2001
Stillingas storleik: 104
Tilsett frå: 1.1.2001

2. VIKTIGASTE ARBEIDSOVRÅDE

Vox skal framskaffe kunnskapar om og utvikle tiltak for vaksnes læring med spesiell vekt på:

- 2.1.** Dokumentasjon av realkompetanse
- 2.2.** Grunnleggjande dugleikar i matematikk, lesing, skriving og IKT
- 2.3.** Språkopplæring og integrering av minoritetar
- 2.4.** Vaksnes rett til grunnskule og vidaregåande opplæring
- 2.5.** Fleksible læringsarenaer, IKT og digital kompetanse
- 2.6.** Kompetanseutviklingsprogrammet
- 2.7.** Delta i internasjonalt arbeid relatert til dei viktigaste arbeidsområda

Vox skal byggje nettverk, spreie resultat og kunnskap om vaksnes læring og bidra til offentleg debatt om vaksnes læring.

3. ORGANISERING AV ARBEIDET

Vox jobbar tverrfagleg, organisert i grupper eller prosjekt.

4. VIKTIG KOMPETANSE I ARBEIDET

Nøkkelkompetanse i Vox

- 4.1.** Arbeidslivskompetanse fordi Vox har arbeidslivet som læringsarena, treng erfaring frå forskjellige delar av arbeidslivet og treng kunnskap om partane i arbeidslivet.
- 4.2.** Formidlings- og informasjonskompetanse for å kunne spreie resultat og bidra til offentleg debatt.
- 4.3.** Kompetanse i offentlig forvaltning er naudsynt for å forstå systemet vi arbeider innanfor og samspelet forvalting/politikk.
- 4.4.** Nettverkskompetanse for å kunne byggje, pleie og påverke i nettverk.
- 4.5.** Rettleiingskompetanse for å kunne rettleie eller lære andre rettleiing.
- 4.6.** Kunnskap om vaksnes læring blant anna for å kunne bidra til ein heilsakleg og langsiktig kompetansepolitikk.
- 4.7.** Fagkompetanse i prioriterte arbeidsområde som dei nemnde ovanfor.

Språkkompetanse i Vox

Norsk (begge målformer), engelsk, tysk, fransk, spansk, italiensk, katalansk, nederlandsk, islandsk, russisk, urdu, latin, klassisk gresk, arabisk, tamil, hindi, polsk, svensk, dansk, finsk.

Personalet

I revidert nasjonalbudsjett vart forskingsavdelinga i Vox formelt overført til NTNU frå 1. august 2004, og samlege fast tilsette fekk tilsetting i NTNU. Vox i Oslo omorganiserte samtidig verksemda si, og analysefunksjonen i Vox vart styrkt. Vox har ein flat organisasjonsstruktur der leiargruppa består av ein direktør og fire avdelingsdirektørar. Vox legg vekt på å innkalle søkerar med minoritetsbakgrunn og/eller underrepresentert kjønn til intervju ved rekruttering. 12 % av de tilsette har ikkje norsk som morsmål, av desse er 7 % frå ikke-vestlege land.

Tabellen under viser tal på tilsette med fordeling på kjønn og tilsettingsforhold per 1.1.2004 og det same per 1.1.2005.

| | 1.1.2004 | 1.1.2005 |
|-------------------------|----------|----------|
| Tal på tilsette | 129 | 104 |
| Fast tilsette | 109 | 100 |
| Mellombels tilsette | 20 | 4 |
| Tal på kvinner/menn | 85/44 | 68/36 |
| Prosentdel kvinner/menn | 66/44 | 66/34 |

Vox fekk forhandlingsrett per. 1. mai 2004. Det er gjennomført ei felles skolering i statleg hovudavtale, i reglane i Arbeidsmiljølova og i dei rammevilkåra som styrer ein forhandlingsprosess. Det vart gjennomført lokale lønnsforhandlingar i 2004.

Vox deltek i eit likelønnsprosjekt som er starta av Barne- og famliedepartementet.

Det vart skipa til temadag om pensjonsrettar for gruppa 58 år eller meir, med muligkeit for individuell konsultasjon hos ekstern førelesar.

Vox er ein IA-bedrift og samarbeider med Bedriftshelsenesta og Arbeidslivssenteret for å følgje opp intensjonsavtalens mål. Vidare deltek Vox i eit nettverk av statlege verksemder (Oslo-regionen).

5. SPESIFISERING AV PERSONLEG OG SOSIAL KOMPETANSE

Vox-medarbeidarar er brukarorienterte, rause og har mot.

6. DEI VIKTIGASTE ARBEIDSOPPGÅVENE i 2004

6.1. Analyse innanfor vaksenopplæringsfeltet

Våren 2004 vart Vox-barometeret sett i drift. Dette er ei halvårleg undersøking som skal ta pulsen på læring i arbeidslivet, sett både frå eit arbeidstakar- og eit arbeidsgivarsynspunkt. Undersøkinga rettar seg mot 1500 verksemder og mot 2000 arbeidstakrarar. Undersøkinga i vår hadde fire hovudtema:

- arbeidsplassen som læringsstad
- realkompetanse
- introduksjonsprogrammet
- basisdugleikar

Resultata vart spreidde via pressemeldingar, ved presentasjonar i forskjellige fora som møte i UFD, i KUF-komiteen i Stortinget med partane i arbeidslivet og på fleire konferansar. Dei har også vore tilgjengelege på Vox' heimesider.

Undersøkinga hausten 2004 hadde følgjande fem hovudtema:

- læring på arbeidsplassen
- læringsaktivitetar
- motivasjon for læring
- innovasjon
- digital kompetanse

I tillegg til presentasjonsformene som vart brukte for undersøking i vår, føreligg Vox-barometeret for hausten i trykt utgåve. Det er også laga ein kortversjon på engelsk.

Etter eit første år er Vox-barometeret nå etablert som ein fast del av verksemda i organisasjonen.

6.2. Dokumentasjon av realkompetanse

Kompetanseattest og prosessbeskriving

Vox har utvikla ein kompetanseattest i samarbeid med arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonane, Nordland fylkeskommune og små og mellomstore bedrifter innanfor Kompetanseprosjektet Innlandet - Hedmark og Oppland (KIHO). Det er også utvikla ei enkel prosessbeskriving for realkompetanseurdering til bruk i små og mellomstore bedrifter. Beskrivinga er lagd ut på vox.no saman med kompetanseattesten.

I tillegg er det utvikla eit dataverktøy som støttar CV, kompetanseattesten og ein bedriftsmodul for bedrifter som ønskjer ei samla oversikt over den dokumenterte kompetansen i bedifta.

Fagkonsulentane i halvparten av fylka i landet har fått ei opplæring i lover, forskrifter, rettleiing og kommunikasjon. Det er også utarbeidd ei rettleiingshandbok og ein DVD som viser korleis rettleiaren kan gjennomføre realkompetanseurdering. Vox vil gjennomføre opplæring av fagkonsulentane i dei resterande fylka i 2005.

Det er arrangert nettverkssamlingar for fagkonsulentar i alle fylkeskommunane.

Identifisering av kompetansebehov i små og mellomstore bedrifter

Ein elektronisk rettleiar for hjelp til avdekking av kompetansebehov i bedrifter vart lansert i november 2004. Rettleiaren skal knyttast opp mot kompetanseattest for dokumentasjon av realkompetanse i arbeidslivet.

Implementering av realkompetanse i samarbeid med fylke

Vox starta i 2004 arbeidslivsprosjekt i tre fylke, Sør-Trøndelag, Buskerud og Sogn og Fjordane. Verdiskaping gjennom kompetanse er hovudmål i alle prosjekta. Prosjekta er eit samarbeid mellom fylkeskommunane, partane i arbeidslivet, næringslivet og tilbydarar av kompetanse og Aetat. Partane i arbeidslivet, fylkeskommunane og Vox er representerte i styringsgruppene til prosjekta. I tillegg har Vox hatt eit utstrekkt samarbeid med Oppland

fylke for å spreie resultat frå KIHO-prosjektet.

Vox har i samarbeid med kommunikasjonsbyrået Gambit og pr-byrået Virtual Garden utvikla eit kampanjekonsept der målet er at fleire bedrifter skal kartlegge og dokumentere kompetansen til dei tilsette. Kartlegginga skal bidra til auka verdiskaping gjennom kompetanseheving. Målgruppa er små og mellomstore bedrifter.

Kampanjen er tilpassa lokale behov og vert hovudsakleg gjennomført ved at gode føregangsbedrifter og enkeltpersonar fortel eigne historier om kva kompetansekartlegging og dokumentasjon har betydd for dei. Dei fortel dette i møte med lokale bedrifter som er arrangerte av lokale næringshagar.

Det er også utforma eige informasjonsmateriell til kampanjen.

Fylket overtek sjølv i stor grad oppfølginga av arbeidet etter at kampanjen er gjennomført. Sogn og Fjordane er første fylke dette vert gjennomført i med start 17. januar 2005. Analyseavdelinga i Vox måler kjennskap til kompetanseattesten før og etter kampanjen. Konseptet skal gjerast tilgjengeleg for alle fylka i landet.

Det er skipa til tre nettverkssamlingar i regi av dei tre arbeidslivsprosjekta i Sør-Trøndelag, Buskerud og Sogn og Fjordane. Dette er møteplassar der aktørar i privat og offentleg sektor møtest og diskuterer kompetanse. Seminara vil halde fram i 2005 under dei same prosjektparaplyane.

Vox har gjennomført møte med Aetat, både sentralt og lokalt, for å diskutere og finne svar på utfordringane som svingningane i arbeidsmarknaden stiller kompetansepolitikken. Det er starta eit samarbeid med Aetat for å sjå nærmare på korleis kunnskapane til fagkonsulentane om realkompetanseurdering kan oppgraderast.

6.3. Grunnleggjande dugleikar i matematikk, lesing og skriving og ikt

Data på lett norsk/Lese- og skrivemotivasjon på cd

Ein sjølvhjelps-cd som gir motivasjon for å arbeide vidare med lesing og skriving vart ferdig produsert sommaren 2004. Målgruppene er minoritetsspråklege, vaksne med lese- og skrivevanskår og andre som har behov for datakunnskapar på eit lett tilgjengeleg norsk. Cd-en er deretter vorten marknadsført og delt ut ved direkte kontakt med aktuelle brukargrupper over heile landet. Det er også vorte arbeidd med motivasjonstiltak for å få fleire til å ta aktivt i bruk Dill@-cd-ar som tidlegare er produserte. Bruken av den nye cd-en vil verte evaluert våren 2005.

Nettsider for lesing og skriving

Nettsider som skal kunne brukast både til individuell trening og som del av eit organisert tilbod på ein læringsstad eller i ei bedrift er vortne utvikla og vil verte lanserte i februar/mars 2005. Sidene inneholder sjølvtestar, motivasjon, oppgåver og trening i lesing og skriving, og skal møte behova i IALS-, SIALS- og ALL-undersøkingane.

Lese- og skriveprosjekt på Linjegods

Det er starta eit samarbeid med Linjegods, AOF og Vox om eit prosjekt der føremålet er å auke lese- og skrivedugleikane hos dei tilsette. Vox si rolle har vore å delta i planlegging, motivasjon, testing og utvikling av kursmateriell. Dette arbeidet vart sluttført i desember 2004. AOF skal gjennomføre kursa i 2005, og Vox skal skrive undervegs- og sluttrapport.

Handbok i studieverkstadspedagogikk

Det har vore arbeidd med ein elektronisk versjon av handboka. På grunn av at nytt publiseringssverktøy er innført parallelt med utviklinga, vil denne versjonen verte sluttført i februar 2005.

Praktisk rekning på storkjøkkenet på Ullevål universitetssjukehus

Vox har gjennomført ei kartlegging av kva for behov medarbeidarar ved storkjøkkenet har for matematikkkompetanse og deretter utvikla oppgåver og kurs for å heve denne kompetansen. I rekneoppgåvene er det teke utgangspunkt i konkrete arbeidssituasjonar på storkjøkkenet, og dei hjelpe midla dei nyttar for å rekne ut mengd, mål og vekt.

6.4. Språkopplæring og integrering av minoritetar

Informasjonsbrosyre om IKT i norskopplæring for vaksne innvandrarar

Vox har i samarbeid med Utdanningsdirektoratet og UDI utarbeidd ein brosjyre med oversikt over kva som finst av ikt-baserte opplæringsprogram for vaksne innvandrarar. Brosjyren vart distribuert til opplæringsinstitusjonar og andre aktuelle mottakarar i november/desember 2004.

IKT i norskopplæring for vaksne innvandrarar (INOVI)

Prosjektet, som starta hausten 2003, prøver ut bruk av ulike ikt-modellar i norskopplæringa for vaksne innvandrarar i 10 kommunar spreidde over heile landet. Fem nye kommunar kom til i 2004, og prosjektperioden er nå forlenga med eitt år fram til sommaren 2005. Prosjektet vert evaluert av Østlandsforsking, og det vart levert ein underveisrapport sommaren 2004. Endleg rapport skal liggje føre sommaren 2005, og det vert planlagt ein spreiingskonferanse same haust.

Temahefte for innvandraropplæring, prosjekt

I 2004 har det vore arbeidd med innhald til tre temahefte for innvandraropplæring. Målgruppa er innvandrarar med liten skulebakgrunn. Migramatte, eit hefte som skal gi grunnleggjande talforståing og reknedugkeik, og Familie og samfunn 1, er produsert og blir utgitt i byrjinga av 2005. Et tredje hefte i samfunnskunnskap vil verte ferdigstilt i første del av 2005.

Læreplan i norsk og samfunnskunnskap - Kurs for lærarar

Vox har hausten 2004 gjennomført fylkesvise kurs for lærarar som skal drive opplæring av innvandrarar etter ny læreplan. Etter ønske frå tre av fylka vil dei siste kursa verte gjennomførte i løpet av januar 2005.

Læreplan i norsk og samfunnskunnskap - Metodisk rettleiing

I samanheng med introduksjonslova og ny læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar er det i samarbeid med Utdanningsdirektoratet utvikla innhald til ei metodisk rettleiing som meir konkret skal omhandle innhald og tilrettelegging av undervisninga. Læreplanen vart ikkje vedteken i 2004, og den metodiske rettleiinga er derfor forsinka og vil ikkje bli heilt ferdigstilt før i 2005.

Introduksjonslov og ny læreplan

I arbeidet med implementering av introduksjonslova og ny læreplan for vaksne innvandrarar samarbeider Vox med UFD, KRD, UDI og Utdanningsdirektoratet.

Familielæring

I samband med EU-prosjektet Falcon har Vox prøvd ut ein modell for familielæring i samarbeid med Grünerløkka bydel. Modellen går ut på å møte foreldre i ein open barnehage og drive norskopplæring ut frå foreldras behov og ønske. Vox er i ferd med å danne eit nettverk for familielæring i samarbeid med NAFO og Norskskulen i Larvik. Nettverket er et ledd i oppfølging av strategiplanen Likeverdig utdanning i praksis.

Kurs for innvandrarkvinner i Alna bydel

Vox har gjennom fleire år hatt eit oppdrag i Alna bydel om opplæring i norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarkvinner med liten eller ingen skulebakgrunn frå heimlandet.

Læringsverktøy og metodar er prøvde ut i samanheng med opplæringsverksemda.

Undervisningsoppdraget vart sluttført sommaren 2004, men det er enno eit samarbeid med bydelen. Vox utviklar og prøver ut ein modell for å nytte friviljuge norskspråklege som har lyst til å bruke tid til å snakke med innvandrarkvinner og gi trening i daglegtale. Prosjektet vert kalla Konversatørar.

6.5. Vaksnes rett til grunnskule og vidaregåande opplæring

Prosjektet Kunnskapsgrunnlaget om vaksne i grunnskule og vidaregåande opplæring var svært produktivt i 2004. Prosjektet har arbeidd med å samle røynsler ved gjennomføringa av vaksnes rett til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring. I 2004 er det ferdigstilt tre større rapporter: *Tallene vi søker - kunnskapen vi får* - om samanhengen mellom søkerkartal og deltakartal; *I videregående som voksen* - om tilbodet dei vaksne får i vidaregåande opplæring og *Intensjoner og realiteter* - om handteringen i fylkeskommunen av vaksnes rett. I tillegg er det utgitt to minirapportar, éin om deltakarar i vidaregåande opplæring arrangert av studieforbund og éin om yrkesprøving.

Saman med rapporten *...men hvor skal vi henvende oss?* frå 2003 gir årets rapportar eit breitt grunnlag for å vurdere korleis eit sentralt element i kompetansereforma - lovfesta rett til grunnskule og vidaregåande opplæring for vaksne - har fungert til nå, og for å foreslå tiltak som, der det trengst, bringar praksis i betre samsvar med intensjonane i reforma. Resultat og utfordringar frå prosjektet vil verte presenterte på ein sluttkonferanse våren 2005.

6.6. Fleksible læringsarenaer, ikt og digital kompetanse

Strategiplan for digitale læringsressursar og vaksnes læring

I samband med deltaking i Program for digital kompetanse har Vox hausten 2004 utarbeidd eit forslag til strategiplan for digitale læringsressursar og vaksnes læring.

Utdanningsdirektoratet har tilsvarande hatt ansvar for strategiplan for grunnopplæringa og Noregsuniversitetet for høgskule- og universitetssektoren. Strategiplanen vert send på høyring i 2005.

Nettside Søk lurt på 1,2,3

Ei nettside for søk og evaluering av informasjon på internett vart lansert sommaren 2004. Målgruppa er vaksne som ikkje har røynsle med å søkje på nettet, og føremålet er å auke den einskildes evne til kjeldekritikk og evaluering av den informasjon som er lagd ut på internett.

Den vaksne, fleksible studenten

Forskningsprosjektet starta i 2003 og er eit samarbeid mellom Vox, Universitetet i Tromsø og Høgskulen i Agder. I tillegg har Noregsuniversitetet hjelpt til med prosjektmidlar. Formålet med prosjektet er å skaffe meir innsikt i korleis utdanningsløp er tilpassa vaksnes læringssituasjon, og danne grunnlag for betre metodar for tilrettelegging av fleksible utdanningsløp for vaksne studentar. Forprosjektet starta i 2003 med litteraturstudium og intervju, og det vart utgitt ein rapport i byrjinga av 2004. Det er i 2004 gjennomført ei nasjonal kartlegging med gjennomføring av ei kvantitativ spørjeundersøking av ca 2000 studentar. I 2005 skal data frå spørjeundersøkinga analyserast, i tillegg til at det skal gjennomførast ein kvalitativ studie ved intervju og bruk av spørjeskjema. Prosjektet vert avslutta med ein rapport i 2005.

6.7. Kompetanseutviklingsprogrammet

I 2004 har kompetanseutviklingsprogrammet vidareført arbeidet med å synleggjere røynsler og resultat frå dei prosjekta som har fått tilskott frå programmet. I tillegg er det gitt tilskott til ytterlegare 27 spreiingsprosjekt.

Dei nye spreiingsprosjekta inngår i eit meir omfattande spreiingsarbeid der Vox har sett i gang fleire tiltak for å spreie informasjon om programmet og stimulere enkelprosjekt og nettverk til å institusjonalisere dei etter- og vidareutdanningstilbod som utviklingsarbeidet har resultert i. Vox har også etter oppdrag frå programstyret initiert meir omfattande spreiingsprosjekt på områda lese- og skrivedugleikar for vaksne arbeidstakrar, opplæring av minoritetsspråklege i arbeid og Ny sjanse-gruppa.

6.8. Internasjonalt samarbeid

Vox har no etablert seg som ein av dei sentrale aktørane i Europa innan området vaksnes læring. Dette kjem til uttrykk i stadig fleire førespurnader om å vere med på internasjonale prosjekt og konferansar, særleg med innlegg og førelesingar om realkompetanse. Vox deltok i førebuinga og gjennomføringa av konferansen for europeiske utdanningsministrar i juni, og vart hausten 2004 utpekt til norsk kontaktpunkt for livslang læring innanfor EØS-finansieringsordningane.

Vox har i 2004 markert seg som katalysator for ei fornøya europeisk satsing i lese- og skrivedugleikar hos vaksne gjennom nettverket Forward, med deltaking frå elleve europeiske land. I tillegg til dette nettverket har Vox også i 2004 vore koordinator/deltakar i ei rekke internasjonale prosjekt, blant anna Refine, som har arbeidd med avkorting av studieløp på

grunnlag av realkompetanse. Det skal arbeidast vidare internasjonalt med problemstillingane frå prosjektet. I mai arrangerte Vox sluttkonferansen for eit større prosjekt om europeiske språk, e-lancenet, som fikk European Label for Innovative Language Teaching and Learning. Leonardo-prosjektet Inter-act, med spesiell vekt på nye basisdugleikar på arbeidsplassen, vart starta hausten 2004.

I tillegg til aktiviteten i eigne prosjekt har Vox i stadig stigande grad støtta andre som arbeider internasjonalt, blant anna ved å arrangere sluttkonferansen for prosjektet Accumulated Knowledge and Skills, som fekk delt førstepremie for alle Leonardo-prosjekt i Europa i 2004.

I samsvar med Vox' overordna målsetting er det internasjonale arbeidet no i hovudsak orientert mot læring i arbeidslivet.

6.9. Informasjon, spreiing og debatt

Informasjon og debatt

Vox har utvikla nye nettsider i 2004. Desse vart lanserte 15. november. Den første månaden vart nye vox.no besøkt av 8966 personar. Dei besøkjande stod for til saman 62 164 sideoppslag.

Grøn linje, som informerer om vaksnes rett til utdanning, har betent 1573 førespurnader i 2004.

Vox sende ut 41 pressemeldingar i 2004. Tal på registrerte mediesaker om Vox var 645 i løpet av året.

Dei fleste treffa er på nettsider/nettavisar, med avisar som nr. 2.

Vox publiserte 34 trykksaker i 2004 (rapportar, kurs- og konferansebrosjyrer, informasjonsflyyarar og lærebøker).

Konferansar og kurs

Ny giv med ny lov

Tema : Introduksjonslova og ny læreplan for norskopplæring for norske innvandrarar.

Deltakarar: 270

Evaluering: Trivsel på eit snitt på 4,5 på ein skala frå 1-6.

I bokstavane si makt

Tema : Lesing og skriving i arbeidslivet, med utgangspunktet i at mange vaksne ikkje les bra nok til å klare utfordringane i arbeidslivet.

Deltakarar: 90

Evaluering: Trivsel på eit snitt på 4,5 på ein skala frå 1 - 6.

Kurs i arbeidslivsretta vaksenpedagogikk. 15 studiepoeng.

Det er skipa til to fullteikna kurs med 20 deltararar på kvart.

Dei fleste deltarane avslutta med friviljug munnleg eksamen og skriftleg oppgåve.

Evaluering: Trivsel på 4 eller meir på ein skala frå 1 - 6 hos 93 % av deltarane.

Likeverdig utdanning i praksis

Opning av Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring og regional erfaringsdelingskonferanse.

NAFO og Høgskolen i Oslo var arrangørar.

Vox, Fylkesmannen for Oslo og Akershus, Læringscenteret og UFD var samarbeidspartnarar.

Vurdering i matematikk - kvifor og korleis? Frå småkule til vaksenopplæring

Vox har delteke i planlegging og gjennomføring av ein matematikk-konferanse som vart skipa til av NTNU i Trondheim. I samband med konferansen vart det arrangert eit eige seminar om undervisning av vaksne i faget.

Når tala lammar

Vox har delteke i planlegging og gjennomføring av ein matematikk-konferanse arrangert av AOF i Bodø. Konferansen la spesiell vekt på praktisk rekning for vaksne.

E-borgar

I samarbeid med UFD, IKT-Norge, Senter for seniorpolitikk, Datakortet og Kompetansenettverket eForum.no har Vox i 2004 førebudd ein konferanse om e-borgarskap der hovudtema er e-borgarskap, e-demokrati og digital utvikling i arbeids- og kvardagsliv. Målgruppe for konferansen vil vere alle som er opptekne av digital kompetanse hos vaksne og utvikling av nye digitale tenester og produkt, særleg avgjerdstakarar på ulike nivå i politikk og arbeidsliv. Konferansen vert arrangert 18. januar 2005, og har ca 150 påmelde deltakarar.

Norsk konferanse for utdanning og læring (NKUL)

Konferansen vart arrangert av NTNU. Vox deltok i programkomiteen og hadde tre foredrag og stand.

7. LEIING I VOX

Styret i Vox

Yngve Hågensen, styreleiar

Ellen Stavlund, Vaksenopplæringsforbundet

Gunnar Grepperud, Universitetet i Tromsø

Paul Chaffey, Abelia

Long Litt Wonn, Likestillingssenteret

Per Kristian Fodstad, Borregaard Industrier Ltd.

Lis Karin Andersen, Vox

Anders Fremming Andersen, Vox

Varamedlem

Jan O. Frelend, Høgskulen i Sogn og fjordane

Jan Erik Henriksen, Høgskulen i Finnmark

Ruth Ørnholts, Hordaland fylkesbibliotek

Valborg Byholt, Vox

Administrativ leiing i Vox

Turid Kjølseth, direktør



Arbeidsoppgåver: Ansvarleg for at aktiviteten i Vox vert gjennomført i tråd med dei styringssignalane og rammene som er gitt av Utdannings- og forskingsdepartementet. Arbeidsfeltet er vaksnes læring i og utanfor arbeidslivet.

Torbjørn Bergane, avdelingsdirektør



Arbeidsoppgåver: Leier avdeling for analyse og internasjonalisering.

Bjørg Illebekk, avdelingsdirektør



Arbeidsoppgåver: Leier avdeling for læringsmodellar med ansvar for utvikling av modeller og verktøy for vaksnes læring på felta lesing og skriving, rekning, digital kompetanse, språkopplæring og integrering av minoritetar. Ansvar for ikt og organisasjonsutvikling internt.

Frøy Kannert, avdelingsdirektør



Arbeidsoppgåver: Leier avdeling for samfunnskontakt med ansvar for heimesider, mediekontakt, publikasjonar, kundeservice, arkiv, kurs og konferansar.

Eivind Pettersen, avdelingsdirektør



Arbeidsoppgåver: Leier avdeling for arbeidslivsprosjekt.

Erfaring: Tilsett i Vox frå 2003. Lang røynsle frå leiing i privat næringsliv.

8. ANNAN KOMPETANSE

Endringskompetanse

Vox har gjennom verksemda si utvikla endringskompetanse i personalet og innehavar god kompetanse på omstillingss prosessar.

Økonomikompetanse

I samband med omorganiseringa av statlege økonomitenester oppretta Finansdepartementet eit brukarforum der Vox var representert.

Vox har også delteke i referansegruppa for eit prosjekt der målet var å utarbeide system og rutinar for elektronisk fakturabehandling for kundar av Forvaltingstenesta og Statleg senter for økonomistyring.

Grøn stat

Det vil i løpet av 2005 bli lagt planar og gjennomført tiltak for å oppfylle kravet om miljøleiing som ein integrert del av styringssystemet i organisasjonane.

9. ÅRSREKNESKAP 2004 (se vedlegg)

Vox har totalt hatt utgifter på 133 756 som er finansierte på følgjande måte:

| Finansiell eining | Budsjett 2004 | Revidert budsjett 2004 | Årsrekneskap 2004 |
|--|------------------|---------------------------|-------------------|
| Drift | 50 405 | 47 413 | 48 741 |
| Oppdrag | 15 769 | 14 861 | 13 560 |
| Tildelingar på prosjekt, eigne aktivitetar | 28 803 | 30 684 | 30 266 1) |
| Tilskott | 69 667 | 44 667 | 41 189 2) |
| Sum | 164 644 | 137 625 | 133 756 |

1) Tildelingane er auka med 405 etter revidert budsjett

2) Midlane er overførbare jfr. St.prp. nr. I

Dekking av faste utgifter frå dei finansielle einingane fordeler seg prosentvis på følgjande måte:

| Finansiell eining | Budsjett 2004 | Revidert budsjett 2004 | Årsrekneskap 2004 |
|-------------------------|------------------|---------------------------|----------------------|
| Drift | | 62 % | 64 % |
| Oppdrag | | 20 % | 19 % |
| Tildelingar på prosjekt | | 18 % | 17 % |

Drift

Tildelinga og utgiftene er reduserte med 1 631 i revidert budsjett som følgje av overføring av forskingsavdelinga til NTNU.

Driftsrekneskapen inneholder investeringar i ny publiseringsløysning og utvikling av ny heimeside, integrasjon mellom IT-program og nettstaden "Søk lurt".

Det er gjennomført to omfattande spørjeundersøkingar i analysearbeidet.

Meirforbruket på løn er ei følgje av lønsoppgjeret og vert dekt av tildelt lønskompensasjon på 1 005. Meirinntekter på sal skriv seg hovudsakeleg frå lagersal av læremiddel det har vore liten etterspurnad etter. Det er eit mindreforbruk på 350 i avtala med NTNU om å dekke inntil 1 200 som var deira risiko ved oppdragsposten ved overføringa av forskingsavdelinga. Refusjonar frå trygdeordningar og salsinntekter er til saman 928 høgare enn budsjettert. Mindreforbruk og meirinntekter har gjort det mogeleg å dekkje ein større del faste utgifter over denne posten.

Oppdrag

Prosjektinntektene skriv seg hovudsakeleg frå EU-finansierte prosjekt, framleie og bruk av mellomrekneskapskonto. Kurs og konferansar har gjeve eit dekkingstilskott på 265.

Mindreforbruket på varer og tenester og tilsvarande mindreinntekt skyldest at ein større del faste utgifter dekte over drift.

Prosjekttildelingar

Alle prosjekt er gjennomførde i samsvar med tildelingsbrev.

Til disposisjon på mellomrekneskapskonto

Mindreforbruk og meirinntekt på drift har gjort det mogeleg å setje av 1 010 meir enn budsjettert til dekking av faste utgifter i 2006.

Vedlegg til Kompetanseattest for Vox, årsmelding 2004**DRIFT**

Kapittel 0256 post 01 driftsutgifter,kapittel 3256 post 02 salgsinntekter

Kapittel 3256 post 16 refusjon for svangerskapspermisjon og post 18 refusjon for sykelønn

| | Rev budsjett 2004 | Årsregnskap 2004 |
|--|------------------------------|-----------------------------|
| Tidelinger utgifter | 45 765 | 46 920 |
| Inntekter | | |
| Læremidler | 293 | 430 |
| Andre inntekter | 764 | 1026 |
| Sum inntekter | 1 057 | 1 456 |
| Tildeling inntekter | 1 040 | 1 040 |
| Mer/mindreinntekt | 1 652 | 2 500 |
| Refusjon lønn ved fødselspermisjon/sykdom | 1 635 | 2 084 |
| SUM RAMME FOR UTGIFTER | 47 417 | 49 420 |
| Kap. 0256 Utgifter | | |
| Lønn og godt gjørelser | 31 385 | 31 849 |
| Varer og tjenester | 14 828 | 16 042 |
| Øvre grense for forbruk, forskningsavd | 1 200 | 850 |
| SUM UTGIFTER | 47 413 | 48 741 |
| RESULTAT ETTER KONTANTPRINSIPPET | 4 | 679 |

Vedlegg til Kompetanseattest for Vox, årsmelding 2004

OPPDRAVSVIRKSOMHET

Kapittel 0256 post 21,kapittel 3256 post 01

| | Rev budsjett 2004 | Årsregnskap 2004 |
|---|------------------------------|-----------------------------|
| Tidelinger utgifter | 12 749 | 14 925 |
| Inntekter | | |
| Kurs og konferanser | 1 521 | 1 066 |
| Prosjekter | 8 581 | 7 628 |
| Konsulentoppdrag/ foredrag | 129 | 218 |
| Sum inntekter | 10 231 | 8 912 |
| Tidelig inntekter | 8 055 | 10 231 |
| Merinntekt | 2 176 | (1 319) |
| SUM RAMME FOR UTGIFTER | 14 925 | 13 606 |
| UTGIFTER | | |
| Kap 0256 post 21 Lønn og godtgjørelser | 5 100 | 5 117 |
| Kap 0256 post 21 Varer og tjenester | 9 761 | 8 441 |
| Sum utgifter | 14 861 | 13 558 |
| RESULTAT ETTER KONTANTPRINSIPPET | 64 | 48 |

TILDELING PROSJEKTER

| Tildeling | Rev.budsjett | Årsregnskap |
|--|----------------|----------------|
| | 2004 | 2004 |
| Kompetanseutviklingsprogrammet administrasjon | 6 184 | 6 184 |
| Kompetanseutviklingsprogrammet virkemidler | 69 667 | 69 667 |
| Kurs for lærere i bruk av ny læreplan | 1 000 | 1 000 |
| Realkompetanse, utvikl av kompetansepass og europass | 1 200 | 1 200 |
| Kunnskapsgrunnlaget | 1 000 | 1 000 |
| Program som gir voksne adgang til IKT (Inovi) | 3 250 | 3 250 |
| Temahefter innvandreropplæring | 950 | 800 |
| Pedagogisk utviklingsarbeid i studieforbund | 2 000 | 2 000 |
| Særlege målgrupper i studieforbund | 2 000 | 2 000 |
| Pedagogisk utviklingsarbeid i de frittstående fjernundervisningsinstitusjonene | 1 400 | 1 400 |
| Den voksne fleksible student | 850 | 850 |
| Metodisk veiledning, læreplan | 800 | 800 |
| Realkompetanse, implementering | 3 000 | 3 000 |
| Informasjon, spredning og nettverk | 4 500 | 4 500 |
| Realkompetanse, utprøving av elektronisk mal | 700 | 700 |
| Dilla | 2 080 | 2 000 |
| Informasjonsbrosjyre om IKT i norskopplæring for voksne innvar | 100 | - |
| Transfine - Refine | 80 | - |
| Sum prosjekter | 100 761 | 100 351 |
| | | 71 455 |

Vedlegg til Kompetanseattest for Vox, årsmelding 2004

UTESTÅENDE FORDRINGER

| | 2002 | 2003 | 2004 | Sum |
|-------------------|-------------|-------------|-------------|------------|
| Salgsinntekter | 6 | 0 | 0 | 6 |
| Oppdragsinntekter | 2 | 2 | 163 | 167 |
| Sum | 8 | 2 | 163 | 173 |

TIL DISPOSISJON PÅ MELLOMREGNSKAPSKONTOEN

| | |
|--|--------------|
| Øremerket prosjekter | 3 804 |
| Overhead fra tidligere år til disposisjon i 2005 | 2 754 |
| Sum | 6 558 |